

HAREID ROTARY KLUBB



Hareid Rotaryklubb

Månedsbrev Desember 2001

Årgang 37

Distrikt 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00

Møtestad: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Johs .J. Hareide

Visepres.: John Stennes

Sekretær: Aage Nytnun

Kasserar: Oddvar Haugen

Past pres.: Karl Johan Brandal

Styremedlem: Elisabet Sundgot

Styremedlem: Ingar Bigset

Leiar for

Ungd.utv.: Harald H. Rise

Ansv. Red.: Arne Holstad

Fødselsdagar i Januar:

Hans Gisle Holstad 07.01

Svein Egil Kleppe 05.01

100% frammøte i desember:

Denne lista var ikkje klar då månedsbrevet gjekk i " trykken".

Om alder i klubben

Gjennomsnittsalderen til medlemmane våre har nok lag til å krype oppover. Det må vere ganske mange år sidan den tendensen starta. Nokså mange av oss er fritekne for det hardaste frammøtet. I si tid fører sådet til at sjølv om oppmøtet kan vere labert, sær det statistiske frammøtet bra.

Dette fortell om ein klubb som treng mange medlemmer, gjerne folk i 20-åra, menn eller kvinner. Klassifikasjonane finns heldigvis. Finns dei unge mennene? Er det lettare å finne kvinner som kan bruke mandagen på rotary?

Apropos 11. september 2001:

Skilnaden mellom eit demokrati og eit diktatur er den at i eit demokrati får idiotane lov til å velje – i eit diktatur regjerder dei.

Bertrand Russel.

Om bilar:

Først tok bilen livet av hesten, så gjekk han laus på menneska.

Det hender du ser ein bil som er så gamal at han er betalt.

Ein optimist

Er ein mann som enno ikkje har lese middagsavisene.

Om fordommar.

Mange menneske trur dei sit og tenkjer, når dei berre driv og stokkar fordomane sine.

Om foreldre.

Dei fleste foreldre byrjar med å gje etter og endar med å gje opp.

Politikarar som vart fødde av fattige og heiderlege foreldre, har oftast born som ikkje vart det.

To kan leva like billig som ein – på foreldra.

Om journalistar.

Kona til reporteren trur aldri det ho les.

Journalistikk kallar eg alt som interesserer mindre i morgon enn i dag

Andre Gide

(Ivar Eskeland: Salte sitat. Det norske samlaget.)

MØTE 03.12.2001:

President Johs. J. Hareide orienterte om kvifor det ikkje vart møte på Ulstein Verft med foredrag av Idar Ulstein.

P.g.a. manglande program, vart det i staden servert kaffi og kaker.

Johs. minte om lutafiskmiddagen den 17.12. Jan Håvard Nyntun refererte frå møte med ungdomsråd, sanitet o.a. på den påenkte ungdomskafeen i underetasjen på Rådhuset. Der er tenkt å vere ope nokre timar fredag og søndag. Dei har planar om å male tak og vegger, dessutan skifte golv.

Som konsulentar frå vår klubb vart Arne G. Grimstad og Egil utgård valde.

Historien til guvernørkjedet for distrikt 2280 vart drøfta ein del, etter som det var Guttorm G. Hareide som tok initiativet til å skaffe kjede til distriktet i si guvernørtid.

Møte 10.12.2001:

President Johs. J. Hareide ynskte velkomen og gav ordet til Ragnhild Westre. Ho er dagleg leier for "Rugekassa", ein regional idèbank der Jostein Korsnes er prosjektleiar.

Denne "Rugekassa" på Søre sunnmøre er tenkt å bli ein styrke for regionen, styrke samarbeidet. Sterkare fokus på næringslivet, ikkje minst nyskaping. Elles, styrke næringslivet i nedgangstider.

Oppgåver: Skape nettverk, administrasjon, service, fange opp gründerar, utvikle produkt, lokal kompetanse. Orienteringar og gode idear må kome til "Rugekassa".

Styret: Aksjonærar og leigetakarar.

SND bedrifter søker direkte påmidlar, offentlege eller private. Frå mars 2000 har gründerar fått hjelp av "Rugekassa". Dette er her marknad for. Regionen består av kommunane Hareid, Ulstein, Sande og Herøy.

"Rugekassa" leitar etter tenlege lokaler nærast muleg kunnskapsparken.

Obs. småbedrifter som gjerne vil vere fleire i lag. Tilskot frå dei aktuelle kommunane er førebels usikkert. "Rugekassa" vil gjerne ha lokale i Hareid eller Ulstein.

Obs. sårbar skipsindustri. Støtte til dei som skal starte for seg sjølv: Til dømes tilgang til ekspertise, data, øk. og anna. Økonomisk rollemodell?

I diskusjonen etter foredraget utfordra Gunn Berit Gjerde, Jørgen Amdam på det som høyrer til livet kring bedriftene.

Ragnhild Westre hadde med Jan Arild Roppen til denne orienteringa i Hareid Rotary Klubb.

Møte 17.12.2001:

Dette var avslutningsmøte før jul med lutafisk, ertestuing etc. etc.. Kap Michal Møgster heldt andakt. Frammøtet var rimeleg bra.

Dermed er vi ferdig med dette kalenderåret 2001, som starta nokolunde vanleg i rett tid, men som starta på nytt den 11. september med ei skjelving som gjekk over heile kloden.